

1. AVTALENS OMFANG

Avtalen gjeld deltaking i konsortium med eit teknisk system for utlån av e-bøker i biblioteka, og ei felles samling av e-bøker for kommunale folkebibliotek i Hordaland.

2. ORGANISERING

Konsortium for biblioteka i Hordaland

Fylkesbiblioteket organiserer eit konsortium med eit felles teknisk system for utlån av e-bøker i biblioteka i fylket. Konsortiet gjeld også tilgang til innhald, og felles samling av e-bøker, som er tilgjengeleg for brukarane i dei biblioteka som deltek.

Fordeling av kostnader

- Med atterhald om budsjetthandsaming i Hordaland fylkeskommune, vil fylkesbiblioteket betale installasjons- og overføringskostnader dersom det blir aktuelt å skifte leverandør av utlånssystem.
- Driftskostnader vil tilkome kvart bibliotek. Kostnadane er avhengig av leverandør, og kor mange kommunar som deltek i konsortiet.
- Frå 2016 vil folkebiblioteka spleise på den felles samlinga i konsortiet, prosentandel dette vil utgjere av mediebudsjettet til biblioteka vil bli evaluert og justert årleg. I 2016 må biblioteka setje av 3% av mediebudsjettet sitt til e-media. Biblioteka informerer fylkesbiblioteket om summen dette utgjør for deira bibliotek innan 1. februar 2016. Refusjonskrav frå fylkesbiblioteket kjem innan 15. november 2016.
- Fylkesbiblioteket vil dekke ei tredjedel av kostnadene til innkjøp av e-media.

3. AVTALEPERIODE

Denne avtalen gjeld frå og med 01.01.2016 og til den blir oppsagt. Oppseiingstid er 6 mnd.

4. PRIS

Biblioteket betaler driftsutgifter for utlånssystemet og set av 3 % av mediebudsjettet sitt til innkjøp av e-media.

5. PRAKTISKE OPPLYSNINGAR

Fakturaadresse: Tysnes Kommune, Økonomiavdelinga
Rådhuset, 5685 Uggdal

Kontaktperson Hordaland fylkesbibliotek: Elin Golten, tlf. 55 23 93 73, E-post: elin.golten@hfk.no

Kontaktperson Bibliotek: Knut Ragg

E-post: tysnes@outtic.no